

Oslo, 28. mars 1994

## R E F E R A T

frå møte i gjetarhundnemnda til Nsg **måndag 14. mars 1994** på lagskontoret i Parkveien 71.

Desse var med på møtet: Jon Sand  
Liv Oddny Hauen Hindenes  
Kristian K. Kleppe  
Arne Flatebø (sekretær)

Kjel Kristoffersen og Jon H. Sæther hadde meldt frå om at dei var forhindra frå å møte. Varamann var innkalla, men møtte ikkje.

### **Saksliste:**

- 01/94 Innkalling og sakliste.
- 02/94 Referatsaker.
- 03/94 Landskampen i bruk av gjetarhund 1994
- 04/94 Arbeidsplan 1994
- 05/94 NM i 1994 og 1995
- 06/94 Nye reglar for gjetarhundprøver
- 07/94 Vegleiarande kvelpesprisar

### **SAK 01/94 Innkalling og sakliste**

#### Vedtak:

Innkalling og sakliste einstemmig godkjent.

### **SAK 02/94 referatsaker:**

- a. Formannen refererte frå møte han og sekretæren hadde hatt med styret.
- b. Brev frå gjetarhundnemnda i Sogn og Fjordane, datert 12. januar 94 og svarbrev datert 2. februar.

- c. HD-statistikk
- d. Årsrapport i årsmeldinga til Nsg, frå gjetarhundnemnda.
- e. Brev frå Ole Martin Nymoen, samt svarbrev av 14. februar 94.
- f. Innkalling til representantskapsmøte i Norsk Kennel Klub, laurdag 23. april 94.

Vedtak:

Referatsakene blei tekne til orientering.

- f. Kristian K. Kleppe med Jon Sand som varamann, vert å melde på til representantskapsmøte i NKK den 23. april.

**SAK 03/94 LANDSKAMPEN I BRUK AV GJETARHUND 1994**

Vedtak:

Landskampen i bruk av gjetarhund mellom Norge og Sverige skal i år arrangerast av gjetarhundnemnda i Sør-Trøndelag.

Dato for arrangementet er fastsett til laurdag 27. august. Jon Sand avklarar med Sør-Trøndelag om det kan vere aktuelt å arrangere eiga landsprøve (LP) som inngår i "Norgesserien", søndag 28. august.

Nemnda vil føreslå for Sør-Trøndelag og Sverige at deltakartalet i år vert 20 hundar frå kvart land. Dei 15 beste fra kvar nasjon bør i så fall telje med i utrekninga av poengsummen.

Før dette er endelig skal Jon Sand avklare med Sverige og Sør-Trøndelag om det er greit også frå deira side. Dersom det er ueinigheit om dette, vert deltagartale som før. Han skal også avklare med Sverige om "skilling av flokk" skal vere med i prøvereglane.

Dersom det vert 20 hundar som skal vere med frå kvart land, skal dei 15 første frå siste NM automatisk vere kvalifisert som deltakarar frå Norge. Dei 5 siste plassane skal det som tidlegare, konkurrerast om på eigen uttakingsprøve.

Dommar skal arrangøren avklare med sekretæren i nemnda. Jon Sand avklarar med Sør-Trøndelag om det kan vere aktuelt å nytte same dommaren (frå Skottland) som på "Kampenprøva". Denne prøva vert også i 1994 uttakingsprøve til landskampen, då ingen andre fylker har bedt om å få halde slik uttakingsprøve.

**SAK 04/94 ARBEIDSPLAN 1994****Vedtak:**

Instruktørkurs i Sogn og Fjordane de 18. og 19. mars. Det er også åpent for andre fylke å få halde instruktørkurs, men då mot at kostnad med instruktør vert dekket av arrangørfylke/kursdeltakarane. Kristian K. Kleppe sonderer med Agder-fylka og Telemark om det kan vere aktuelt med eit oppføljingskurs for kjetarhundinstruktørar i desse fylka ein gong i løpet av 1994.

Det vert ikkje arrangert dommarkurs i 1994. Revidert dommarinstruks skal sendast alle dommarar før prøvesesongen startar for fullt.

NM 94 skal haldast laurdag 22. og søndag 23. oktober i Hole kommune i Buskerud. Fredag 21. oktober vert det å arrangere ope møte. Tema for dette møte skal vere: "Opplegg for uttdanning av gjetarhundinstruktørar - Korleis held vi gjetarhundkurs".

**SAK 05/94 NM I 1994 OG 1995**

NM 1 1994 skal haldast i Hole kommune i Buskerud den 22. og 23. oktober. Overnatting og NM-festen skal vere på Sundvolden Hotell.

**Vedtak:**

Deltakartale skal vere det same som i 1993. Dvs. 60 pluss norgesmeisteren.

Det skal undersøkjast nærare med Troms om dei kan ta på seg NM i 1995 og om det vil vere mogleg å arrangere det i august månad. Sekretæren snakker med formannen i Troms sau- og geitalslag og formannen i fylkesnemnda i Troms om dette.

**SAK 06/94 NYE REGLAR FOR GJETARHUNDPRØVER**

Det var innkome svar frå 11 fylkesnemnde på det utsende høyringsbrevet. Det var forslag berre på mindre justeringar på enkelte punkt. Dette galdt først og fremst punkt 19, 29e og 29h i det utsende forslaget. Desse tok nemnda omsyn til i sitt forslag som vert å leggje fram for styret. Vidare strauk nemnda punkt 14 og siste setning i punkt 23 i det utsende høyringsforslaget, då desse ikkje hadde nokon relevanse til reglane i dag. Det var to fylkesnemnde som ikkje var samd i forslaget til endring av reglane som gjeld "inndriving i kve". Då det var berre desse to som hadde nemnt dette punktet, tolka nemnda det som at dei andre var samd i forslaget.

Vedtak:

Gjetarhundnemnda føreslår for styret at forslaget som blei utsendt til høyring blir godkjent som laget sine prøvereglar, men med dei justeringane som er nemnt ovanfor.

**SAK 07/94 VEGLEIANDE KVELPEPRISAR**

Vedtak:

Nemnda vedtar å halde fast ved den vegleiante prisen som gjeld i dag, nemleg kr 3.000,-. Føresetnaden er at kvelpene er registrert i NKK sitt register og att begge foreldra er røntka for hofteledsdysplasi (HD). Vidare føreset nemnda at begge foreldra har godkjend gjeterhundprøve.

Nemnda vil vidare understreke at prisen er vegleiante. Det vil seie at kvelpen kan variere noko rundt kr 3.000,-, alt etter avstamming og etterspørsel/utbud av kvelpar, uten at det treng vere gal pris for det.